
Saksnr: 2020/46484-76
Saksbehandlar: Roald Breistein
Dato: 12.11.2021

Til: Fylkesdirektør

Frå: Roald Breistein

Fylkeskommunal økonomisk bærekraft - Vedlikeholdsetterslep

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 71/21 «Fylkesdirektøren orienterer om sitt syn på kommunal økonomisk bærekraft i Vestland fylkeskommune» i møte 26.10.2021:

«Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tek orienteringa frå fylkesdirektøren om sitt syn på kommunal økonomisk bærekraft i Vestland fylkeskommune til orientering.»

Bakgrunn for at kontrollutvalet ønskte denne orienteringa var m.a. at kontrollutvalet drøfta kommunal økonomisk bærekraft i møte 14.06.2021 der m.a. følgjande vart protokollert:

«I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. - 02.06.2021, som m.a. leiar i kontrollutvalet var deltakar på, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk bærekraft (KØB). Det vart i den samanheng vist til kommunelova § 14-1. Kontrollutvalet vart samde om å be fylkesrådmannen om å komme i eit møte hausten 2021 for å orientere om sitt syn på dette. orienteringa kan t.d. omfatte vedlikeholdsetterslep på veg og bygningar, gjeldsgrad mv.»

I samtale sekretariatet nyleg har hatt med leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, kom det fram at orienteringa fylkesdirektøren hadde i møte 26.10.2021 med fordel kunne omfatte meir detaljar om status når det gjeld vedlikeholdsetterslep på veg, bygningar mv.

På bakgrunn av dette er det ønskjeleg at fylkesdirektør kjem med eit notat til møte i kontrollutvalet 14.02.2022 som gjer greie for følgjande:

- 1) Kor stort er vedlikeholdsetterslepet i kroner på:
 - a) Fylkeskommunale bygningar?
 - b) Fylkeskommunale vegar?
 - c) Fylkeskommunale tunellar?
 - d) Fylkeskommunale bruer?
 - e) Fylkeskommunale kaianlegg?
- 2) Er det laga planer for korleis eventuelt etterslep skal takast inn igjen?
- 3) Er fylkesdirektør komfortabel med situasjonen på desse områda?

Vi ber om at notatet vert send sekretariatet **seinast innan 31.01.2022.**

Kopi til:
Organisasjon og økonomi